

## Referat frå styrearbeidsmøte tysdag 3. mars 2026

**Til stades:** Ingrid, Ann Karin, Astrid, Rita og Åse-Berit, samt Anne Kristine og Anne Margrethe (på skjerm i starten), og Valborg (litt seinare)

Ann Karin oppsummerte før årsmøtet, der det er 48 påmelde deltakarar, og nokre må overnatta på Dampen gjestehus. Sjølve årsmøtet er på Øvre Suldal samfunnshus, og komiteen ordnar frukt og ev. bakst til pausane der.

Styret bør vera i Suldal til rundt 15.00. Leiarane tar med seg Marit Green Tymczuk.

Anne Margrethe følgjer opp Jannecke for å finna ein grei reisemåte.

Valborg ynskjer lunsj klokka 12.00 på sundag, og det er utsjekk seinast kl. 11.00, så hotellet bed om at alle betalar laurdag kveld eller før årsmøtetstart sundag. Hotellet vil ha oversikt over når folk kjem (kveldsmat, festkveld og lunsj sundag). Linda Liem skal ha innslag på fredag

### Sakliste:

**Sak 02/2025 Gjennomgang av godkjent referat frå styremøte (03.02.26)**  
Godkjent

**Sak 04/2025 Økonomioversikt**

Det er omlag kr. 180 000,-, og me ventar kr. 91 000 inn frå fylkeskommunen. Me fekk kr. 2500,- til i moms.

Det vart sett inn kr. 3053,- på vår konto frå Ropeidhalvøya til Rogalandsgarden, og dei er vidaresende til korrekt konto.

**Sak 03/2025 Referatsaker/ev. oppfølging av lokallaga:**

**Ingrid Haugstad Håland:** Flott fest i Skjold med svært fint pynta lokale og god mat og kake. Svært god jobb med annonsane – rekord.

**Anne Kristine L. Andersen:** Det møtte 35/46 medlem på 70-årsfeiringa, og leiarane i RBK var med. Det er sonemøte i Vats (sone 5) i morgon 4. mars, med 16 påmelde frå Skjold, og dei skal ha opplæring i å finna ut kven som er leiarar (og medlem).

**Astrid Skretting:** Har vore på årsmøtet i Rogaland bondelag – flott generaldebatt med positivitet, optimisme og erfaringar med mykje engasjement. Neste årsmøte: Kva er ein resolusjon og korleis skal han vera vs. arbeidsplan. Selmer Vatne er ny representant i bondelaget til bygdekvinnelaget.

**Leiarane** førebur seg til stormøte om beredskap i Gjesdal kommune - føredrag: "Korleis bygdekvinnelaget kan bidra og vera ein ressurs"; nettverk, matberedskap og krisearbeid om noko skjer. Har fått hjelp av Cesilie, men NBK har ikkje kome ut med noko verktøy for distriktslaga. Det blir tatt opp på distriktsårsmøta av representantane frå Norges bygdekvinnelag.

Bør ned på eit lågare og meir praktisk nivå

Beredskapsgruppe – med beredskapskjede - kven har oversyn over kva

- kva med dei som er nye i bygda osv.

Elles blei mappene, namnelappane og delegatnumra gjort ferdige, og me gjekk gjennom køyreplan/sakliste saman. Årsmeldinga er ferdig, og til neste år kan me laga ho ferdig, men føra på kor ev. PDF-filer skal inn, og så leggja desse ved, slik at trykkeriet kan leggja dei inn.

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)